



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Til: Olav Talle, [post@olavtalle.no](mailto:post@olavtalle.no)

Kopi: Vågå kommune, [postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no)

03.09.2021

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2021/37

## 37-21 Oppstart av reguleringsplanarbeid, detaljregulering for Jetlie hytteområde

### Saksutgreiing

Høyringa ligg ute her: <https://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-byggesak-brann-og-tekniske-tenester/plan/hoyring-og-kunngjeringar/>

Planområdet ligg på sørsida av Blåhøvegen, ca. 4 km opp frå Vågåmo, ca. 920 – 1000 m.o.h., og er sørvest-vendt og solrikt og med god utsikt over Vågåmo og fjella i Jotunheimen. Blåhøvegen er kommunal veg, og derifrå skal det planleggjast tilkomstvegar inn i planområdet.



Oversiktskart


Føremålet med planarbeidet er å byggje fritidsbustader med parkering, vegtilkomst og regulere skiløyper, stigar, friluftsområde og omsynssoner.

### Konsekvensutredning

Tiltaket er vurdert etter forskrift om konsekvensutgrøing (FOR-2017-06-21-854). Planavgrensinga er ikkje i tråd med arealdelen til kommuneplanen. Planforslaget kjem dermed inn under konsekvensutgreifingsforskrifta og det er difor vorte utarbeidd eit planprogram. Føremålet med planprogrammet er at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn skal bli teke omsyn til i planprosessen.

### Vurdering

Ein mindre del av hytteområdet er i naturbase registrert som vinterbeite for villrein:



Det er gode lavmatter i dette området ("Jettaområdet") og det kan ha stor verdi som beite for villrein. Det har ikkje vore brukt av villrein på lang tid. Området aust for Slådalsvegen, både i Vågå og Dovre, har vore lite brukt av villrein. Dyr som eventuelt har vore innom har primært vore bukkar. Men det skjedde ei ensdring sist vinter da det gjekk ein liten flokk aust for Slådalsvegen på Dovresida. Det var også med minst ei simle. Området er freda for villreinjakt frå og med 2021 (villreinutvalet som har innført fredning).

Villrein har nomadisk arealbruk, areal som ikkje har vore brukt av villrein på lang tid kan derfor bli brukt att. Det er også viktig med reserveareal for villrein om det skulle bli dårlege høve der den normalt beiter (t.d. nedising av beite).Tilkomst til Jettaområdet for villrein er avgrensa av naturlege ferdselshindre. Villreinrelaterte kulturminner i Jettaområdet tyder på at dei ikkje er uoverkommelege for villrein – jf NINA rapp 643:

**Gamal trekkpassasje mot Jettaområdet:**

Området ikring flaskehalsen der Slådalsvegen svingar ned mot Dalgrove i øvre enden av Jønndalen. Registrerte fangstminne finst i dette området, med nokre fangstgroper. Fangstminna viser at dette kan ha vore eit knutepunkt mot Jettaområdet. Det er ein del vårobservasjonar av bukk frå tilgrensande område på Slådalssida dei siste 30 åra. Det er moderat vegtrafikk sommarstid forbi/gjennom området. I høve til mogleg trekk av rein til Jettaområdet er dette punktet svært sårbart, da det er ein av få passasjer mot Jettafjellet (sjå kap. 2.2.2.2.).

I tillegg til naturlege vandringshindre er det også menneskeskapte:

- Slådalsvegen er vinterstengt – og det er såleis søkt tatt omsyn til villreinenens arealbruk
- Kraftlinja ved Slådalsvegen - forskning viser at denne ikkje hindrar villreinen i å nytte areala i aust, jf. artikkel i årboka Villreinen 2009 [https://issuu.com/villrein/docs/villrein\\_og\\_kraftlinjer](https://issuu.com/villrein/docs/villrein_og_kraftlinjer)
- Bilvegen til Blåhøe er open så lenge det ikkje er snø (ikkje vinterbrøyta). Her er fleire aktivitetar som sykkeløp og paragliding

For å sikre at Jettaområdet fortsatt skal vere eit aktuelt vinterbeiteområde for villrein, bør ein vera varsom med å auke aktiviteten i området. Menneskeleg aktivitet nær villrein vil føre til flukt, redusert arealbruk og forstyrning av villrein.

Planområdet ligg innanfor sone c- fjell og fjordbygder i regional plan for Ottadalsområdet. Den regionale planen har ingen restriksjonar for kommunen sin eigen planlegging i desse områda utover dei vurderingane som må gjerast for å oppfylle naturmangfaldlova. Det er likevel viktig at det blir gjort ei vurdering av kanalisering av ferdsel og friluftsliv. Kvar er det tenkt at "hyttefolk" skal utøve friluftsliv? Slådalen er eit fokusområde i den regionale planen. Det er difor ikkje ønskjeleg å kanalisere ferdsel inn i dette området. Erfaring frå andre hytteområde tilseier at hyttefolket vil ut på tur. Ein del drar truleg på tur i nærområdet til hytta, mens nokre køyrer eit stykke. Nokre av desse vil truleg legge turen inn i villreinområdet sjølv med god kanalisering av ferdsel til andre område. Vågå kommune har bygd ut hytteområde og etablert gode tilbod til hyttefolket på sørsida av Ottadalsfjøret. Da burde ein i staden for å etablere nye hytteområde på nordsida heller vidareutvikle eksisterande utbygging på sørsida. For naturen generelt er det betre å samle utbygging av fritidsbustader til nokre utvalde område i staden for å spreie seg utover mange område. For villreinen i Reinheimen-Breheimen er det ei ulempe å få hytteområde tett på leveområde.

Avbøtande tiltak er god tilrettelegging av tilbod utanom villreinområdet (under tregrensa mot villreinområdet), men ein vil aldri klare å fange opp alle sjølv med god tilrettelegging. Det beste vil derfor vera å unngå hyttebygging i dette området.

**Innstilling:**

For å unngå auka trafikk inn i Reinheimen-Breheimen villreinområde bør ein unngå hyttebygging så tett på villreinområdet. Avbøtande tiltak med god tilrettelegging av tilbod utanom villreinområde kan hjelpe noko, men vil neppe hindre ei auke i trafikken også inn i villreinområdet.

**Handsaming:**

Innstilling sendt ut på e-post 09.08.21.


Samrøystes som innstillinga.

**Vedtak:**

For å unngå auka trafikk inn i Reinheimen-Breheimen villreinområde bør ein unngå hyttebygging så tett på villreinområdet. Avbøtande tiltak med god tilrettelegging av tilbod utanom villreinområde kan hjelpe noko, men vil neppe hindre ei auke i trafikken også inn i villreinområdet.

Helsing

Johan Berge  
Leiar



Tor Taraldsrud  
Sekretær